



INDERØY KOMMUNE  
7670 INDERØY

Landbruks- og matdep.		
Saksnr.: 08/216	Doknr.: 79	
Mottatt: 29 APR 2008	ASR/SEB	
Saksbeh.: IAA	Ark.: 479	Vår dato: 28.04.2008
Kopi:	Avskr.:	Deres ref.:

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 dep.

0030 OSLO

Emnekode: 640  
Saksnr. 08/00219-004

Saksbehandler:  
Kristin Volden

## HØRING OM ENDRING I ODELSLOVEN, KONSESJONSLOVEN OG JORDLOVEN

Inderøy kommune sender kopi av saksframlegg med saksprotokoll frå møte i hovudutval Natur den 21.04.08. Saka gjeld uttale til høringsforslag med frist 5.05.08.

Med venleg helsing

  
Kristin Volden

Tlf. 74 12 42 81

Kopi sendt Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Landbruksavdelinga, 7734 Steinkjer

Adresse: 7670 Inderøy  
Telefon: 74 12 42 00  
Telefaks: 74 12 42 19  
E-post: postmottak@inderoy.kommune.no

Bankforb.: Sparebanken Midt-Norge  
Avd. Inderøy  
7670 Inderøy

Konto for skatt: 7855 05 17298  
Bankgiro: 4451.06.00662  
Organisasjonsnr.: NO 963 955 162 mva.

# Saksprotokoll

---

**Utvalg:** Hovedutvalg Natur  
**Møtedato:** 21.04.2008  
**Sak:** 0020/08

---

**Resultat:** Annet forslag vedtatt

**Arkivsak:** 08/00219

**Tittel:** SAKSPROTOKOLL: ENDRING I ODELSLOVEN,  
KONSESJONSLOVEN OG JORDLOVEN

**Vedtak:**

*Hovudutval Natur har behandla endringane i odelslov, konsesjonslov og jordlov. Inderøy kommune støtter forslaget som medfører forenkling av lovverket.*

*Inderøy kommune er imidlertid skeptisk til å innføre varig driveplikt ut fra at livssituasjonen til driveren kan endre seg over tid.*

**Avstemning:**


Endringsforslag enstemmig vedtatt.

**Behandling i møtet:**

Etter grundig diskusjon ble hovedutvalget enig om følgende vedtak:

*Hovudutval Natur har behandla endringane i odelslov, konsesjonslov og jordlov. Inderøy kommune støtter forslaget som medfører forenkling av lovverket.*

*Inderøy kommune er imidlertid skeptisk til å innføre varig driveplikt ut fra at livssituasjonen til driveren kan endre seg over tid.*

23.04.08  
  
Solbjørg Kirknes  
sekr

# ENDRING I ODELSLOVEN, KONSESJONSLOVEN OG JORDLOVEN

Saksbehandler: Kristin Volden  
Arkivsaksnr.: 08/00219-002

Arkiv: 640

Saksnr.:	Behandlingsorgan	Type avgjørelse	Møtedato
0020/08	Hovedutvalg Natur	Vedtak	21.04.2008

## RÅDMANNENS FORSLAG:

*Hovedutvalg Natur har behandla endringane i odelslov, konsesjonslov og jordlov. Inderøy kommune støtter forslaget som medfører forenkling av lovverket. Endringane vil styrke busettinga i distrikta, og halda produktive jordbruksareal i god stand.*

## RÅDMANNENS SAKSUTREDNING:

### VEDLEGG:

- 2. Høring – Endring i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven – Bestemmelser om bo og driveplikt med mer. Høringsfrist 5. mai.
- 1. Endringsforslaga i odelslov og konsesjonslov

### HENVISNING:

Fullstendig høringsforslag på landbruksdep. Si internettside under høringer.

### BAKGRUNN:

Er miljøvurdering relevant? Kryss av:      Ja                      Nei X
Dersom 'ja' fyll inn liste (lagret på felles O:\skjema\milj.doc). Dersom 'nei' er liste ikke vedlagt.

Reglene i odelslov, konsesjonslov og jordlov er sentrale element i gjennomføring av landbrukspolitikken. Dette gjeld for å hindra at landbrukseigedommar blir brukt til fritidsformål, og for å sikra at produktive landbruksareal blir brukt til matproduksjon i framtida. Lovverket skal vera med å sikra busetting og kulturlandskapet i distrikta. I tillegg skal det også sikra gode løysingar ved arv og skifte av landbrukseigedommar. Bestemmelsane i odelslov, konsesjonslov og jordlov legg rammer på korleis landbrukseigedommar skal forvaltast, og Landbruks- og matdepartementet meiner at lovene bør endrast med tanke på forenkling og for å bli meir målretta med tanke på gjennomføring av dagens landbrukspolitikk.

Dei viktigaste endringane er lista opp i høringsnotatet:

- Bestemmingane om buplikt etter odelslov blir i hovudsak flytta til konsesjonslova, og bestemmingane om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova blir flytta til jordlova.
- Buplikta skal vera gjeldande ved kjøp av busett eigedom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensa på 100 dekar totalareal blir som i dag.
- Krav til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar skog.
- Det vil bli eit spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil seia at verken etter konsesjonslova eller odelslova skal det vera ei konkret vurdering av om eigdommen er "ein jord og skogeigedom" eller kan "nyttast til landbruksdrift".

- Dersom eigaren ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må han søkja konsesjon. Høve til å søkja fritak frå buplikta fell bort, og det blir gjevne nærare reglar for vurdering av vilkår om buplikta ved søknaden om konsesjon.
- Buplikt kan berre oppfyllest ved at eigaren er registrert som busett på bruket i folkeregisteret.
- Driveplikta skal gjelde areal som kan drivast med lønsemd og vera varig. (I dag er 5 år buplikt, ved å ta bruket att på odel er det 10 år)
- Unntak for slektskap kan bli oppheva der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense (o-konsesjon er ikkje i bruk på Inderøy i dag, var tidlegare i Straumen)

Departementet ber også om synspunkt på om det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom.

#### **VURDERING:**

I mange kommunar har det vore eit problem med å handheve bu- og driveplikta etter dagens lovverk. Dette gjeld særleg i kommunar der bruka er små, men det har etter kvart blitt ein større flokk brukarar som ikkje bur på bruket men leiger bort både jord og hus. Statistisk sentralbyrå viser til at ca. 21 % av landbrukseigedommane ikkje er busett av eigar.

Det har vore ei landbrukspolitisk målsetting at eigaren har buplikt fordi dette medfører at bruket blir betre teken vare på. Det medfører ofte ei stabil busetting både på bruket og bygdene. I det nye lovverket vil det ikkje lenger vera høve til å søkja fritak frå buplikta, dette skal avgjerast ved konsesjonssøknaden. Tanken er at ved overdraging av eigedommar må eigaren ta stilling tidlegare til om han verkeleg vil bu på eigdommen eller så kan eigdommen seljast, noko som kan medføra at andre slektingar enn dei som har best odel får høve til å overta bruket. Det nye lovverket er tenkt å vera meir framtidsretta med tanke på om det er buplikt eller ikkje, og kva som er forventa av eigaren når han skal ta over landbrukseigedom. Tanken er at det skal vera lik praksis med buplikt for alle uansett om ein tek over konsesjonsfritt eller må søkja konsesjon. Landbruksdepartementet vil arbeida ut retningslinjer som skal nyttast ved saksbehandling. Disse bør vera svært konkrete dersom ein skal få ein lik praksis over heile landet.

Når det gjeld oppfølging av driveplikta blir det som tidlegare. Dei landbrukspolitiske målsettingane er å skapa produktive areal for matproduksjon og halda kulturlandskapet i hevd. Dersom areala er bortleigd, vil det framleis vera slik at driveplikta er oppfylt. Leigeavtalane skal vera minst 10 år.

I høyringsforslaget er det lagt opp til lik størrelse på dyrka mark innanfor dei forskjellige lovverka. Dyrka areal er auka frå 20 dekar til 25 dekar medan på skogeigedommar som blir teken på odel er sett til 350 dekar. Auken i dekar fulldyrka vil medføra at ein del bruk ikkje treng konsesjonsbehandling, men dette er mindre bruk med små ressursar og liten landbruksverdi i Inderøy kommune. Nokre bruk må omtakserast for eigedomsskatt (innført i Inderøy 2007).

Det blir enklare både for grunneigarar og ved saksbehandling at det er mest mogeleg samsvar mellom dei forskjellige lovverka som regulerer bu og driveplikta på landbrukseigedommar.

Når det gjeld buplikt på reine utmarkseigedommar, er det små skogareal i Inderøy og lite aktuell problemstilling her.

**KONKLUSJON:**

Dei nye endringane som medfører å flytta buplikta frå odelslova til konsesjonslova, og driveplikta frå odelslova/konsesjonslov til jordlova vil bli eit enklare lovverk meir i tråd med dagens landbrukspolitik. Det blir meir klart for eigarane kva pliktar eit gardskjøp medfører, samtidig som lovverket vil styrkja busetting i distrikta, og produktiv jord blir nytta til matproduksjon.

Endringane i lovverket ligg ved som vedlegg.

Inderøy, den 11.03.2008

Jon Arve Hollekim/s  
rådmann